

Retningslinjer for motorferdsel i Åmli kommune frå vintersesongen 2018/19 til og med barmarkssesongen 2022:

1. Ved tildeling av løyve og oppfølging av dei, vil ein avgrense dei slik at dei dekker nytteføremål, men ikkje gjev rom for køyring ut over dette.
2. Bruk av løyve i strid med vilkår som er sett, vil kunne føre til at løyve blir inndrege for kortare eller lengre tid, eventuelt ikkje fornya.
3. Det blir ikkje gjevne løyve som gjeld lengre enn til og med barmarkssesongen 2022.
4. Grunna vintersesongar med skiftande ver, auka vassføring i periodar, overvatn og usikre isar må søkar finne trasear der ein unngår køyring langsetter vatn og vassdrag, og i staden finn fram til sikre punkt for kryssing.
5. Det er eit mål å behalde stabile mannskap over tid som kan dekke behovet for leigekøyring. Dvs. alle som har slike løyve får tilbod om å halde fram. Ved opphøyr er det viktig at kommunen blir varsla i god tid, slik at ein kan få på plass nytt mannskap og unngå opphald i tilbodet.
6. Køyring til eiga hytte må skje langs fastlagt trase. Når hytta ligg over 2,5km frå bilveg og utanom større felt bør søknad normalt kunne innvilgast. Hytter som ligg nærare brøyta bilveg enn 2,5 km krev særskilt vurdering, sidan dei fell inn under unntaksregelen.

Eigar kan ved skriftleg erklæring la annan person få nytte løyvet og bruke det til innvilga nytteføremål.

7. For køyring i samband med utmarksnæring må næringsutøvinga dokumenterast. Køyring må anten utførast av eigar sjølv, husstandmedlemmer eller person eigar har arbeidsgjeveransvar for.

Dei som driv utmarksnæring og har innvilga løyve må innanfor same geografiske område kunne utføre transportoppdrag for kvarandre.

Ved tildeling av løyve til transport i utmarksnæring bør ein få dei til å falle saman i tid med øvrige løyve for perioden. Prøvetida for løyve blir tildelt på meir permanent basis (4 år) kan ikkje vere kortare enn 1 år.

8. For vedhogst til hytte bør hogsten leggast langs trase eller korridor fram til hytta eller nær hytta for å sikre eit åpent preg i nærområdet.
9. For transport i samband med kalking av vatn i privat regi krevst at behovet for kalking blir dokumentert. Trase for transporten må kartfestast. Løyvet kan gjevast for heile perioden, dvs. til og med 2022. Transport utanom opparbeidd trase bør helst skje på vinterføre.
10. Preparering av skiløyper til allmenn bruk med motorkjøretøy utført av andre enn kommune, hjelpekorps, idrettslag turlag eller turistverksemd og som er samordna med slikt løypenett bør vere kurant å innvilge.
11. Transport i samband med vedlikehalds-/serviceoppdrag utført av næringsdrivande bør kunne innvilgast etter fastlagt(e) trase(ar).
12. Funksjonshemma som søker om løyve må legge fram erklæring frå lækjar. Køyring må skje etter fastlagt trase, og løyve kan gjevast for heile perioden.

Til grunn for vurderinga skal malen for utfylling av erklæring frå lækjar i Nordland nyttast.

Rundskriv frå fylkesmannen i Nordland kring praktisering av løyve for funksjonshemma skal vere retningsgjevande også i Åmli.

13. Søknader som gjeld køyring på barmark må behandlast restriktivt.

For all køyring på barmark bør ein vere særleg restriktiv i perioden fram til midten av juli av omsyn til viltet.

Unntak: For funksjonshemma bør køyring på barmark langs opparbeidde trasear der ein unngår spordanning innvilgast.